



Inspirerer til heilskapleg læring

Dei nasjonale sentera til Utdanningsdirektoratet har laga inspirerende filmar om heilskapleg læring.

AV: SVEIN OLAV B. LANGÅKER

– Me har laga desse filmane for å fremje heilskapleg læring og inspirere barnehagetilsette til å ta i bruk ressursar som sentera har for barnehagen. Dei nasjonale sentera har kvar sine fagområde og ein viktig del av sentera sin jobb er å hjelpe barnehagane i å stimulere og utvikle det pedagogiske arbeidet. Gjennom filmene håpar vi å kunne gjere dei nasjonale sentera meir kjende i barnehagesektoren.

– *Kva kan barnehagane få ut av å jobbe meir med heilskapleg læring?*

– Det handlar om å sjå læringspotensialet i kvardagssituasjonane. Ein treng ikkje nødvendigvis eigne opplegg for å jobbe med kvart enkelt fagområde, men sjå det i ein heilskap, og slik legge til rette for læring i dei aktivitetane ein gjer.

– *Kva skal til for å jobbe med heilskapleg læring?*

– Vaksne som ser situasjonen og ser potensialet for læring. Dei vaksne treng kunnskap om barnet og barnet si utvikling og kunnskap om dei ulike fagområda for å kunne legge til rette for læring både spontant og gjennom



planlagde aktivitetar. På sentera sine nettsider kan ein få kunnskap om dei ulike fagområda.

– *Har du nokre gode døme på heilskapleg læring?*

– Sjå til dømes Egget – språkstimulering i barnehagen, der språkstimulering er ein sentral del av aktivitetane borna er med på, og ulike fagområde er representert.

– *Korleis har de jobba saman med barnehagar for å lage desse opplegga?*

– Dei ulike sentera har samarbeid med barnehagar som har arbeidd med deira fagområde og slik har dei i lag utarbeida gode praksisdøme og tips til aktivitetar i barnehagen. Denne filmen er laga i samarbeid med ein barnehage, der vi i lag har kome fram til kva for situasjonar som kunne eigne seg for filming.

Filmene finn du på Barnehagefilm.no

Heilskapleg læring



Berre eit egg kan gi mykje læring. – Det handlar om å sjå læringspotensialet i kvardagssituasjonane, seier Liv Kristin Bjørlykke Øvereng ved Nynorsksenteret.

www.pirion.no

for deg som jobbar med barn

Kultur, språk og litteratur

Faste spalter:

BOKPRAT | MIN BARNEHAGE | LES FOR MEG | AKTUELT

På nettsida vår kan du og lesa om Pirionkurs: Korleis kan vaksne bli medvitne brukarar og formidlarar av språk, kultur og identitet?

[facebook/pirion](https://www.facebook.com/pirion) [@avisapirion](https://twitter.com/avisapirion)



Tips oss på pirion@pirion.no Me vil gjerne ha tips og innspel om det er noko du syns me bør ta opp, eller om du har tips om bøker me bør skriva om. Sjå og www.pirion.no

– Me har ein veldig viktig jobb å gjera for nynorsken

53 nynorske barnebøker i 2014 – av 892 barnebøker totalt i 2014



Under lanseringa av Leselandserien fekk Flatene skule besøk av forfattaren Vegard Markhus. Han har skrive boka Epleslang i lettlesserien.
Foto: Flatene skule



Samlaget er klar med storsatsinga si på nynorske lettlesbøker. – Ungane tar i mot bøkene veldig godt, seier barne- skulelærar Dagunn Kjøsnes.

SVEIN OLAV B. LANGÅKER

Nye tal frå Norsk Barnebokinstutt viser at det blei gjeve ut 53 nynorske barnebøker i 2014 – av 892 barnebøker totalt i 2014. Særleg låge tal har det vore for talet på lettlesbøker.

Men no skjer det noko. Talet har blitt auka med 32 prosent.

– Fram til no har det ikkje eksistert ein heilskapleg lettlesserie på nynorsk, og få lettlesbøker på nynorsk i det heile tatt. No er dei første tolv bøkene i Leseland-serien lansert, seier Bente Lothe Orheim, som er forlagsredaktør for barnebøker ved Det norske Samlaget.

Testskular

I Førde har Flatene skule og Slåtten skule fått vera med på å testa ut dei første bøkene i Leselandserien.

– Nynorske lettlesbøker er stor mangelvare. Difor er denne serien veldig velkommen, seier rektor ved Flatene skule, Alvhild Flatjord.

Tidlegare har skulen kjøpt det som var av nynorske barnebøker, men ikkje alt har vore tilpassa lesenivå, slik den nye serien er.

– Me som skriv og snakkar nynorsk i skulen må jobbe for at elevane sjølv skal få lov til å gjere det. Me har ein veldig viktig jobb å gjera. Ungane

blir peptra med bokmål elles, seier Dagunn Kjøsnes, lærar for 4. trinn på Flatene skule.

– Lese- og skrive-dugleik er grunnleggande for å kunne delta i samfunnet og demokratiet, og det er ein demokratisk rett å ha tilgang til litteratur på eige mål, understrekar Bente Lothe Orheim i Samlaget.

Ikkje aldersdeling

I arbeidet med bøkene har Samlaget gjennomført ei stor undersøking med formidlarar, leseforskarar, skule og bibliotek for å kunne utvikle best mogleg lettlesbøker.

– Her kom det mellom anna fram at inndeling i nivå etter alder ikkje var ønskeleg, sidan ein uavhengig av alder kan ha ulikt lesenivå. Difor er Leseland-bøkene nivåinndelt med utgangspunkt i leseferdigheiter. Av undersøkinga veit me til dømes også at det er ønskeleg at bøkene bør vere med harde permar, ikkje hefta, seier Orheim.

– Når det gjeld sjølve bokproduksjonen, såg vi først til utlandet, til anerkjente forlag som har hatt stor suksess med sine lettlesbøker. Av bøkene som er ute no, er nokre omsette og nokre utvikla av norske forfatarar og illustratørar. Det er viktig at lesarane også kan møte ein gjenkjenneleg norsk kvardag i Leseland-bøkene.

Dei komande åra vil det det kome mellom 10–15 nye Leseland-bøker i året.

– Målet er å skape ein bank av lettlesbøker på nynorsk. Slik at alle skal kunne finne si bok, på sitt ferdigheitsnivå og med eit tema som engasjerer.

Eigen app

Leseland kjem òg som ein eigen app, som i fjor fekk Gullboken for «Årets utgjeving». I grunnleggjeringa står det mellom anna at «Barn som skal lære

– Lese- og skrive- dugleik er grunnleggande for å kunne delta i samfunnet og demokratiet...

Bente Lothe Orheim i Samlaget.

å lese på nynorsk har med dette fått sitt første heilskaplege tilbod.»

Elevane ved test-skulane får utdelt nettbrett der elevane får testa ut bøkene. Det har skapt stor stemning i klassane.

– Det blir spennande å sjå om me når fleire gutar med appane. Det er ikkje alle gutane som er så glade i å lese, seier rektor Alvhild Flatjord.

I Leseland-appen er det ulike lesemodi. Ein kan bli lese for av ei forteljarstemme, ein kan bla seg gjennom boka utan lyd, og det er også ein karaokefunksjon – «Les med meg» – der lesehastigheita er saktare, og kvart ord blir markert på skjermen når det blir sagt av forteljarstemma.

– Så ein kan lese bok i app på same måte som ein les papirboka, men ein har også fleire høve til å velje, fortel Bente Lothe Orheim.

– Nøkkelordet er oppriktigheit

I «Verdas søtaste turist» har Rune Belsvik forklart sex til den vesle uvitande guten han ein gong var. Det var både viktig og vanskeleg.

ANDREA RYGG NØTTVEIT

– Det er ei bok som var veldig viktig for meg å skrive. Men eg har kvidd meg, for det er lett å gjere feil, overdrive eller vere for morosam. Nøkkelordet er oppriktigheit, og det er ikkje alltid lett, forklarar barnebokforfatter Rune Belsvik.

Han hugsar godt då han som liten gut følte seg uvitande og utanfor. Han visste at noko skjedde i mørke rom, men folk berre fniste og lo då dei skulle fortelje om det. Han følte seg avvist og dum.

– Eg tenkte at om eg ein gong får vete om alt det som skjer, så skal eg fortelje om det. Dette er mi bok til vesle Rune. Hadde eg funne denne boka då eg var ung, trur eg det hadde vore til stor hjelp, forklarar forfattaren.

«Verdas søtaste turist» er tredje boka om innbyggjarane i Bløygen. Bidger og Esmiluni frå «Verdas mest forelska» lever lykkeleg saman, men Bidger drøymmer om å bli far.

Verken Bidger eller nokon andre i Bløygen veit korleis born vert laga. Bøttefantan hjelper Bidger å finne ei gamal bok med oppskrifta. Slik går det til at paret byrjar å prøve seg fram – igjen og igjen, fordi dei likar det.

Det heile er illustrert av Inger Lise Belsvik.



Barnebokforfatter Rune Belsvik får ros for å våga å skriva om sex for born. Foto: Sol Nodeland/ Cappelen Damm